

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Møre.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Haram.

Emne: Gamal engkultur.

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne

Gard: Rogne.

(adresse): Longva, Skuløy.

G.nr. 7, Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Etter eige vitende.**

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Med notids meining av ordet engkultur kann det snaudt brukast um engbruket i gamal tid i bygdene her. Det var korkje rasjonelt eller planfast.

Pkt.1. Ein brukte ikkje ordet eng nett i same meining som spyrjelista. Her vilde ein segja slaattamark. Eng hadde ei meir avgrensa tyding, d.e. der det voks feitt langhøy. Ein skilde nemnleg millom langhøy-, smaahøy- og skrapmark. Langhøymark var det, naar det slegne graset var storkvakse og dekte godt det slegne stykket. Det var jambreidt eller meir. Ein turka nemleg alltid graset paa marki,- ikkje i hesjar. Einast der det var retteleg feit mark, som sig fraa fehus o.l.tala ein um eng, og daa helst tø'eng. Det spørst um ikkje ordet eng i einstaka form er fraa nokor nyare tid etter maalbruken her.

Utslaattar gjeld utangjerds slätte, helst i fjellskorer.

Ekre er ikkje brukt. Derimot attelege. Det er eng av attlagd aaker, helst tilsaadd med grasfrø.

Grovare høy heitte langhøy og finare og stuttare var kal-la smaahøy.

Utslätte var her lite av. Dei fekk helst namn etter staden der slättet gjekk fyre seg, t.d. "han slo i Breiflaa na" o. dl.

Faint, illegible text, possibly bleed-through from the reverse side of the page.

Pkt.2. Rydjing.

Naar det gjeld kvist og lauv av tre, so er det inkje aa segja um det, avdi her inkje tre vaks som er aa nemna.

Men me hadde ei onnor rydjing som ikkje maatte forsømast. Det var aa rydja rein marki langs fjøra for tare, tang og smaastein som vind og baara la fram paa marki haustane og vintrane, for her kunde vera rett god grasmark. Og "sterkt" gras var dette. Dette arbeidet kunde taka dagevis for slike bruk som laag so til at havsjøen gjekk mykje paa. Denne rydjingi var tidleg paa vaaren. Fekk taren liggja for lenge, tok han grasreti.-sveid den av. Baade taren og smaasteinen vart havd ned i fjøra att, der taren rotta upp.

" 3. Mosevaksi mark vart lite og inkje gjort med, fyrr skiftebruket tok til.

" 4. Heller ikkje med myr og vatssjuk mark. Ingi vatning. Gjødsling.

" 5. Den naturlege engi vart mest aldri gjødsla med husdyrgjødsel i eldre tid. Den gjekk alltid med til all akeren. Fyrst fraa 1890-aari, daa dei 100-aar gamle aakrane vart attlagd til eng, vart desse gjødsla med husdyrtad.

Daa gamle Rafael saag det, sa han: "Det vart no ein gong nok teie (gjødsel) paa Aakre med". Han totte det bar av aa køyra husdyrgjødsel ut yver markane. Dette fortel gjerne det ein treng vita um enggjødsling i eldre tider.


No vart alle attelegor klædd med husdyrgjødsel kvar einaste vaar med 10-15 lass paa maalet. Kumøk blanda med myrjord til aa samla upp landet vart brukt til engtad.

Sau- og hestemøki var potetgjødsel.

" 6. Ein hadde ikkje andre namn paa engi enn dei som er nemnde fyrr.

" 7. Dei sette helst lødehusi so det skulde verta so god

3. blad.

innkøyrse som mogleg, altso ikkje serskilt med tanke på gjødselsiget fraa deim. Kumøki vart mest alltid kasta ut paa garden gjenom gluggen. Her vart møki jamna og flølagd med mold og tare (um ein hadde tilgang paa den). Møkedungen laag soleis under open himmel. Fraa denne dungen seig det ikkje so lite gjødselvæta ned yver marli nedanfor, og og der vart ofte retteleg mykje gras, tøeng, dei kalla. Dette siget kalla dei berre tøe. Til aa faa siget betre utyver spadde ein upp smaa grøfter berre 5-6 tummar djupe med tversnitt som ein .

Dei la aakrane der det var turrast for aa faa mest ~~møki~~ og beste slag korn, ikkje nett med tanke paa gjødselsig fraa aakrane til engi. Ein maa koma ihug at kornavlenn var det viktigaste. Her er jamnt yver godt kornlende. Engi, graset, kom langt-ut i andre rekkja.

Pkt. 8. Etter det vart tilteke med enggjødsling, var det alltis vaargjødsling. I dei seinare aari brukar sume og haustgjødsling, serleg dei som ikkje hev moldblanda gjødsel, men berre reine kumøki. Gjødsli vert køyrd utyver på vanleg møkvogn som ved aakergjødsling. Lassi vert delt i 4 eller 5 smaa dungar, so det vart lettare aa breida utver. I det alra seinste, no mannen er for det meste aaleine, um gardsdrifti, breider han av vogni med ein gong. Naar gjødsli so var maatsam turr, so ho "gjekk godt", d.v.s. smuldrast lett, for ein i fyrste tid yver, horva, med ei rishorv, som var ihopbundi av eine eit par m. breid. Uppå vart lagd stein eller kjetting, so ho vart maatsamt tung. Sume laga gjødselhorver av kjettingbukter, men dei var ~~ikk~~ ikkje so breide, avdi dei vart for tunge for hesten. No er brukt mest berre vanlege mosehorver.- Denne yvergangen gjekk fyre seg litt etter litt. Aa segja tid er uraad.

Pkt. 9. Fyrr so beitte husdyri markane (engi) baade haust og vaar. Det var ikkje med tanke paa aa gjødsla marki, men for at dyri skulde taka maten sjølve. Eg trur snaudt nokon tenkte paa gjødsling med denne beitingi. Sidan ein gjekk yver til attelegor, vart desse sparde for beiting baade haust og vaar dei tvo fyrste aari. Dyri vart no i det heile ikkje slept laus paa beite, men bundne i band. Fyrr gjekk alle dyr lause.

" 10. Sidan 1890-aari er beitingi onnorleis enn fyrr. No er for det meste alle dyr bundne paa engbeitet, so ein ~~K~~ kann regulera det som skal og ikkje skal beitast. Vaarbeiting er det slutt med. (Sjaa elles svar til pkt. 9).

" 11. Det vart ingen ⁿting gjort med aa jamna utyver gjødsli dyri la etter seg paa beitet. Einast kraaka og annan fugl hakka utyver gjødselklumpane, naar det var knapt um mat framyver vintrane.

" 12. I gamal tid var kreturi drivne hardare paa vanleg beite enn no. Det var fraa tidleg paa vaaren til seine hausten i mest alt slag ver. Dyri tok nattstode paa visse stader i utmarki, og desse fekk ofte namnet "Legene", avdi dyri laag der med natti. Desse Legene var jamnast grøne flator som laag i livd for verste veret. Grøne vart dei av all møki dyri let etter seg. Legene var og kalla bulege. Sau og geit laag ikkje der. Dei hadde hellerar og smøtter i fjellet til legestad.

Med kvart tok sume til aa byggja sumarfjos, serleg der beitet laag i lengste laget fraa heimehusi, men der var ikkje med tanke paa aa nytta gjødsli paa utslatte. Det var for at dyri skulde ha det betre med natti, og so viss-te ein kvar dyri var aa finna um morgonen, naar dei skulde mjølkast.- Ingen hadde meir enn eitt sumarfjos.

Gjødslí fraa sumarfjøsset vart heimkøyrð paa vinterføret og havd paa aakeren.

Pkt. 13. I staden for sumarfjos brukte ume laga innhegningar, som her nemndest "Kvier" (Kv). Det kunde vera berre ei for ein heil gardkrins. Kvier og sumarfjos var nytta berre til kyr. Kviene var nokso vide med mura steingard ikring, so dei kunde ikkje flyttast.

" 14. Grindgang er ukjend her.

" 15. Nei, daa her ikkje finst korkje varg eller bjørn.

(Godfar fortalde etter ei gamal segn, at det paa Innlandet (Hildrestrandi) ein gong i tidi var bjørn. Til verje mot den hengde dei ein stor trekubb, mest som ein stabbe, utslegen med lange kvasse spikaroddar framfor fjosdøri. Naar bjørnen skulde slaa inn døri, raaka han spikarkubben og fekk saart paa labben. Kubben svinga att og fram ^{so} fram ~~og~~ spikaroddane raaka honom i hovudet. Daa gav han seg).

Pkt. 16,17 og 18. Nei.

" 19. Ordi Ivar Aasen fører upp i ordboki si under kvi el. kve er ukjende i mine bygder.

" 20. Nei, daa her hev vore lite av sætrar. Einast litt paa Hildrestrandi (Synnaland og Hildre), men der var ikkje inngjerd slaattamark, det eg veit.

" 21. Torskehovud og ryggjer vart lagd ut yver marki til turking. Desse gav god gjødsl. Fiskeslog (tarmar og innvol) vart lagd i molddungar saman med hestemøk til rotning og sidan spreidd ut yver marki.

Paa rett skrapmark og vindskjeggrabbar dreiv dei nedi torskehovud med ei serskild klubba, "torskhaudklubba"; spiss i eine enden til aa gjera eit maatsamt hol i marki for hovudet, tverr i andre enden til aa driva hovudet godt ned, so det kom ørlite under grasverden for skuld

slaaingi, so ljaeen gjekk yver beinendane paa hovudi.

Noko meir er ikkje aa segja um Gamal engkultur i Harams-
bygdene. Det var kornaakrane som gav maten, og dei vart
vel vyrdsla baade med gjødsel og stell elles. Fisket gav
baade mat og pengar, so det maatte ein og akta paa. Hus-
dyrbruket hadde i røyndi mindre aa segja. Avdraatten gav
suvl (kjøt og smør) og noko ull til klæde, men lite og in-
kje til sal som vog noko. Soleis vart det ingen engkultur
heller som er aa nemna, fyrr umbrigdet kom i 1890-aari.

Tilleggsspursmaal til nr. 12.

Korkje fiskebein, fiskehovud eller kumøk hev vore brukt ^{si nok}
til brensel her, det nokn veit.

Tilleggsspørsmål til nr. 5, Vatleaving.

er avsket.

*Fagm hev vit noko om slikt vatleaving
som er nemnd frå Tinn i Telemark. Her
brukt ein allto bygdatri.*